

2019

Overgangsplan for barnehagar og skular i Tysnes kommune



Tysnes kommune

Hewlett-Packard Company

01.01.2019

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet tilrår at:

- Barnehagen vert avslutta på ein god måte, og at skulen er budd på å ta imot barnet
- Barnet vert kjend med skulen i god tid før skulestart
- Det er samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule
- Pedagogar i barnehage og skule har felles møteplassar for å avklare forventningar, for kompetanseutvikling og felles planlegging
- Kommunen tek initiativ til samarbeidstiltak, så slike tiltak er synlege i kommunale mål og planar.
- Barnehage- og skuleeigar har det overordna ansvaret for å leggja til rette for samarbeid
- Føresette godkjenner og medverkar til overføring av informasjon. «*Dersom barnehagen skal gi skulen informasjon om enkeltbarn, skal foreldra samtykkje i det. Foreldra må få innsyn i og kunne påverke på informasjonsutvekslinga.*» Rammeplan for barnehage

Jamfør:

- Kunnskapsdepartementet sin rettleiar *Frå eldst til yngst – Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole*
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/veileder/f-4248-fra-eldst-til-yngst.pdf>
- *Læringsplakaten – Prinsipp for opplæring i skolen*
http://www.udir.no/upload/larerplaner/Fastsatte_lareplaner_for_Kunnskapsloftet/prinsipp_er_lk06.pdf

Barnehageloven § 2 a. Plikt til å samarbeide med skolen om overgangen fra barnehage til skole

Barnehagen skal samarbeide med skolen om barnas overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning, jf. opplæringslova § 13-5 og friskolelova § 5-5. Samarbeidet skal bidra til at barna får en trygg og god overgang.

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.» Rammeplan for barnehage

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Opplæringslova § 13-5. Plikt til å samarbeide med barnehagen om overgangen til skolen

Skolen skal samarbeide med barnehagen om barna sin overgang frå barnehage til skole og skolefritidsordning. Samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang.

Skoleeigaren har hovudansvaret for samarbeidet og skal utarbeide ein plan for overgangen frå barnehage til skole og skolefritidsordning.

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_15#%C2%A713-5

Overgangsplan Tysnes kommune

«Den enkelte eleven har rett til rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval. Utdannings- og yrkesrådgivinga har som formål å bevisstgjere og støtte eleven i val av utdanning og yrke og utvikle kompetansen til den enkelte til å planleggje utdanning og yrke i eit langsiktig læringsperspektiv».

<http://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§22-3>

Skuleeigar har ansvar for at dette skjer og med utdanna personale.

<http://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§22-4>

Mål

Rutinar og ansvars plassering gir det enkelte barn ein god overgang frå barnehage til skule.



OVERGANGSPLAN FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE

Tysnes kommune. Revidert haust 2018

TID	OPPGÅVER	ANSVARLEG	MERKNAD
Januar 1,5 år før skulestart	Melding om barn med nedsett funksjonsevne i tråd med spesialpedagogisk plan.	Styrar. Helsesøster der barnet ikkje går i barnehage.	Melde til skulen v/ rektor
Haust	<u>Minimum</u> 2 samlingar for alle 5-åringane. For å bli kjent med jamnaldrande. (også Onarheim)	Styrarar: Dei eine besøket kan vere i Lunde barnehage. Stjernereiso har ansvar for å finne rom ein kan låne i skulen på det andre besøket.	Organisere skyss. NB! Heimeverande born. Den eine samlinga skal vere på skulen.
Ferdig i løpet av Januar same året som skulestart	Kartlegging. Screeningstest.	Synspedagog	<i>Gje ut samtykkeskjema til foreldre om overlevering av informasjon til skulen</i>
Februar	Barn med særskilte behov	Barnehagane kallar inn	Møte mellom rektor og styrar og føresette. Helsestasjon og Ppt, kan vere naturlege samarbeidspartnere
Februar/mars	Foreldremøte for 5-åringane. Barnehage og skule er med. Bli kjent med dei andre foreldra. Kva treng dei av utstyr?	Rektor kallar inn via barnehagane	Informasjonsmøte om rutinar i samband med overgang barnehage - skule. Helsestasjonen, barnevern, fysioterapeut og psykisk helsearbeidar er med og informerer.
Mars/April	Barnesamtale.	Styrar/pedagogisk leiar.	Felles mal.
April	Skuleførebuande foreldresamtalar, ferdig til 1. mai	Styrar/pedagogisk leiar.	Barnehagen kallar inn til foreldresamtale. NB samtykke

Overgangsplan Tysnes kommune

Mai	Overføringsmøte barnehage til skule. Skulen får naudsynt informasjon om alle einskildbarn.	Barnehagane/Einingsleiar barnehage kallar inn til møte. NB! Samtykke NB! Barn som ikkje går i barnehage.	Møte mellom rektor og styrarar/pedagogisk leiarar
Mai.	Innskriving i skulen med foreldre	Rektor	Barnehagen må få same informasjon som foreldre om kva som skal skje denne dagen.
April/Juni	Nye 1. steg lærarar besøkjer barnehagane	Rektor/1. steg lærar.	Ved behov. Lokal tilpassing. Skulen tar kontakt med barnehagane.
Juni	"Bli kjend" dag, ev. dagar der barna får møta lærar, medelevar, fadrar og bli kjend i det fysiske miljøet.	Rektor og styrar	NB! Busstilvenning (husk pengar) Lik informasjon til foreldre og barnehage Send plan for dagen i forkant til barnehagen. NB! Utan foreldre.
August	Barna få personleg invitasjon til fyrste skuledag i posten	Rektor (lærarar)	
August	Overføringsmøte med 1. steglærarar, ped.leiarar og leiar i Sfo.	Styrar og rektor	Samtalar om einskildbarn på felles planleggingsdag.

OVERGANGSPLAN GJELD ALLE OVERGANGAR Tysnes kommune

TID	OPPGÅVER	ANSVARLEG	MERKNAD
1,5 år før overgang	Melding til mottakar skule om store og omfattande tiltak (til dømes ombygging)	Styrar, helsesyster, rektor	Melde til skulen v. rektor

OVERGANGSPLAN FRÅ ONARHEIM SKULE OG UGGDAL SKULE TIL TYSNES SKULE

TID	OPPGÅVER	ANSVARLEG	MERKNAD
Februar	Tysnes skule har samtalar med rektor og kontaktlærarane på dei andre skulane.	Rektor, Tysnes skule	Informasjon om alle elevar, særleg vekt på dei elevane som treng spesiell tilrettelegging.
Februar	Vurdering av ressursar på ny skule.	Rektorane ved Onarheim, Tysnes og Uggdal skular	
Vårhalvåret	Representant ved Tysnes skule deltek i aktuelle samarbeidsfora for elevar med særskilte behov siste halvår	Rektor avgivarskule	
Mai	Forventningsavklaring mellom Tysnes skule og Onarheim skule	Rektor, Tysnes skule	Kontaktlærer kjem ut til Onarheim skule
Juni	Besøk på Tysnes skule	Rektor, Tysnes skule	Invitasjon
Juni	Nye og gamle kontaktlærarar samtalar med kvarandre og utvekslar elevinformasjon	Rektorane ved Onarheim, Tysnes og Uggdal skular	Informasjon om alle elevar, særleg vekt på dei elevane som treng spesiell tilrettelegging.
Juni	Overføring av elevmapper, portfolio og eventuelt andre hjelpemiddel som skal overførast til ny skule.	Rektor, avgjevande skule	Rektor mottakarskule har ansvar for å formidla til eige personale.
August	Informasjon om nye elevar til lærarar og anna involvert personale.	Rektor, Tysnes skule	

OVERGANGSPLAN FRÅ 7. - 8. ÅRSSTEG

Tysnes kommune

TID	OPPGÅVER	ANSVARLEG	MERKNAD
Mai/Juni	Foreldremøte om valfag, språkval, vurdering, fråversføring, andre rutinar.	Rektor, Tysnes skule	
Mai/Juni	Orientera elevar om valfag, språkval, vurdering, fråværsføring, andre rutinar	Rektor, Tysnes skule	
Juni	Nye og gamle kontaktlærarar samtalar med kvarandre og utvekslar elevinformasjon	Kontaktlærarane ved Tysnes skule	
August	Informasjon om nye elevar til lærarar og anna involvert personale.	Rektor, Tysnes skule	

OVERGANGSPLAN FRÅ TYSNES SKULE TIL VGS

Tysnes kommune

TID	OPPGÅVER	ANSVARLEG	MERKNAD
Haut 10. klasse	Foreldremøte om vidaregåande opplæring og utdanningssystemet.	Rektor, Tysnes skule	Yrkes- og utdanningsrådgjevar deltek
September	Samtykkeskjema om overføring av naudsynt informasjon mellom grunnskule og vgs signerast av føresette på utviklingssamtale haust.	Kontaktlærar	

Overgangsplan Tysnes kommune

September	Samtale med elevar og føresette om søknad om fortrinnsrett til vgs for elevar med særskilde behov.	Yrkes- og utdanningsrpdgjevar	
September	Søknad om fortrinnsrett til vgs for elevar med særskilde behov. Frist 1. oktober.	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	
Haust	Individuell samtale med alle elevar om utdanningsval	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	
Januar/februar	Foreldremøte om søknadsprosessen i samband med opptak til vgs.	Rektor, Tysnes skule	Yrkes- og utdanningsrådgjevar deltek.
Januar	Søknadsfrist 1. februar for elevar som søker plass i vgs på individuelt grunnlag eller med fortrinnsrett.	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	Kan gjelda minoritetsspråklege
Februar	Søknadsfrist til ordinært opptak for plass i vgs 1. mars	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	
Mai/juni	Overføringsmøte mellom grunnskule og vgs for elevar med fortrinnsrett	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	
Juni	Overføring av informasjon mellom grunnskule og vgs om elevar som søker ordinært opptak, men som har spesielle behov.	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	

Tysnes kommune
5685 UGGDAL
Tlf: 53437050



Til foreldre/føresette med barn som skal begynne i 1. klasse

OVERGANG BARNEHAGE / SKULE.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgang til skulen og skulestart. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen. (Rammeplan s.33)

Barnet Dykkar skal byrja i skulen komande haust, og i samband med det kan skulen ha trong for kjennskap til barnet for å vera best mogleg rusta til å ta imot 1. klassingen. I samband med dette ynskjer barnehagen å utveksla viktig informasjon til skulen.

Personopplysningar som vert overført

Det er opplysningar om barnet sin ståstad innanfor motorikk, språk, sosial kompetanse og eventuelt andre særskilte tilhøve som de føresette skal samtykke om.

For å kunna gje denne informasjonen må me ha samtykke frå foreldra. Me bed difor om at slikt samtykke vert gjeve på svarslippen nedanfor. Denne skal leverast til barnehagen snarast.

Mvh styrar i barnehagen

Svarslipp

Overlevering av informasjon

Eg/me gjev samtykke til at barnehagen kan overføre nødvendig informasjon om barnet mitt/vårt til skulen.

Barnet sitt namn: _____

Stad: _____ Dato: _____

Underskrift føresette: _____



Tysnes kommune
Skulekontoret
5685 UGGDAL
Tlf; 53437050

Til foreldre/føresette med ungdom som skal byrja i vidaregåande opplæring

OVERGANG GRUNNSKULE / VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Ungdommen Dykkar skal byrja på vidaregåande opplæring kommande haust, og i samband med det kan den vidaregåande skulen ha trong for kjennskap til ungdommen for å vera best mogleg rusta til å ta imot vedkommande som elev.

I samband med dette ynskjer Tysnes skule løyve til å utveksla viktig informasjon til skulen der dykkar ungdom skal vera elev.

For å kunna gje denne informasjonen må me ha samtykke frå dei føresette.
Me bed difor om at slikt samtykke vert gjeve på svarslippen nedanfor.

Rektor, Tysnes skule

Svarslipp

Overlevering av informasjon

Eg/me gjev samtykke til at Tysnes skule kan overføre nødvendig informasjon om ungdommen min/vår til den aktuelle vidaregåande skulen.

Ungdommen sitt namn: _____

Stad: _____ Dato: _____

Underskrift føresette: _____